



Øystre Slidre kommune

Sektor for kultur utvikling og næring

Bygdinvegen 1989 2940 Heggenes

Til:

Det kongelige kommunal- og regionaldepartementet Postboks 8112 0032 OSLO

Dykkar ref.:
10/1067-7 JMS

Vår ref.:
MOELIV - 10/956

Arkiv:

Vår dato:
24.09.2010

Høyringsuttale - mogleg ny modell for interkommunalt samarbeid: samkommunemodellen

Øystre Slidre kommune viser til høyringsbrev av 26. april 2010 med forslag til mogleg ny modell for interkommunalt samarbeid.

Vi vil gje følgjande høyringsuttale, vedteke samrøystes av formannskapet i sak 069/10 den 23. september 2010.

FS-069/10 Vedteke høyringsuttale frå formannskapet:

Øystre Slidre kommune vil her gje uttale til forslaget til lovfesting av samkommunemodellen.

Øystre Slidre kommune har eit utstrakt regionalt og interkommunalt samarbeid med dei 5 andre kommunane i Valdres. Vi har samarbeid heimla i kommunelova § 27 og § 28 og organisert som IKS og AS. Valdres har gode erfaringar med interkommunalt samarbeid. Erfaringsmessig gjev samarbeidet betre tenestekvalitet og styrka fagmiljø, medan det har vist seg vanskelegare å ta ut rasjonaliseringsgevinstar gjennom interkommunalt samarbeid.

Fira av kommunane i Valdres har gjennomført ein prosess med sikte på kommunesamanslåing. På administrativt nivå – og hjå ordførarane – var det ein klar oppfatning av at ein storkommune ville gje stordriftsfordelar og styrka fagmiljø og gjennom det betre tenester til innbyggjarane. I folkeavstemming vart det imidlertid fleirtal mot samanslåing i 3 av dei 4 kommunane.

Øystre Slidre kommune meiner den foreslåtte samkommunemodellen vil gjere det **vanskeleg å utøve heilskapleg kommunal styring og kontroll.**

Den foreslåtte samkommunemodellen vil ha eit forholdsvis stort politisk og administrativt apparat og følgjeleg vere mest nærliggande å vurdere for omfattande samarbeid som utgjer ein vesentleg del av kommunen sitt budsjett. Å organisere tenester som utgjer ein større del av kommunen sitt budsjett i ein samkommune, vil gjere det vanskeleg for deltakarkommunane å gjere prioriteringar på tvers, mellom tenester innanfor og utanfor samarbeidet. Det vil svekke

Sentralbord:
61 35 25 00

Dir. telefon:
61 35 25 30

Org.nr:
961382068

E-mail:
liv.moen@oystre-slidre.kommune.no

Heimeside:
www.oystre-slidre.kommune.no

den samla økonomiske styringa, prioriteringane og kontrollen og svekke det overordna ansvaret for prioritering og styring som ligg til kommunestyret.

I samband med samhandlingsreforma er det framholdt at kommunar kunne samle helsetenestene i ein samkommune (etablere ein helsekommune). I Øystre Slidre utgjer pleie og omsorg 32% av det samla budsjettet for kommunen. Dersom ein la dette til ein samkommune og med det utanfor kommunestyret sin dirkekte styring, ville det redusere kommunen sin evne og moglegheit for å gjere prioriteringar mellom dette viktige tenestområdet og andre sentrale tenester.

Øystre Slidre kommune vurderer det slik at det å organisere tenesteytinga gjennom ein samkommune, vil **svekke den demokratiske styringa**. Det vil bli eit delt økonomisk ansvar mellom deltakarkommunen og samkommunen og mindre rom for heilskaplege politiske prioriteringar. Medlemmane i samkommunestyret vil vere indirekte valde. Vi stiller spørsmål ved om ein vil få ein representativ gjenspeiling av kommunestyra i deltakarkommunane.

I kommunen har formannskapet eit særleg ansvar for økonomistyring og heilskaplege prioriteringar. Gjennom dette vil medlemma i eit formannskap ha ein trening i heilskapleg økonomistyring. For å søke å ivareta ein styring av samkommunen som i best mogleg grad er heilskapleg for deltakarkommunane, bør det vere formannskapsmedlemmar som sit i samkommunestyret. Det vil imidlertid vere krevjande og kunne føre til slitasje å ha to slike verv, samstundes som det gjev ein konsentrasjon av den politiske makta. Om ein derimot vel andre kommunestyremedlemmar til samkommunestyret, vil faren vere stor for at dette vert sektorpolitikarar som ivaretar interessene til tenestene og brukarane til samkommunen, men ikkje dei samla interessene til deltakarkommunane.

Øystre Slidre kommune meiner den foreslåtte samkommunemodellen vil måtte bli **ressurskrevjande**. Samkommunen skal ha eige kommunestyre, utval, kontrollutval, administrasjonsjef og eigen administrasjon. Samkommune vil i all hovudsak ha same krav som deltakarkommunane til økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap, rapportering m.m. Dei rasjonaliseringsgevinstane som ligg i ein kommunesamanslåing eller eit interkommunalt samarbeid, vil bli redusert når samkommunemodellen er så vidt ressurskrevjande. Erfaringa frå langt og omfattande interkommunalt samarbeid i Valdres, er at det er utfordrande å ta ut rasjonaliseringsgevinstar også i samarbeid som er organisert på måter som er vesentleg mindre ressurskrevjande.

Ein stor del av norske kommunar er relativt små. Interkommunalt samarbeid mellom små kommuner – sjølv på områder som utgjer vesentlege deler av kommunen sin økonomi – vil difor vere relativt små og ressursane til styring og administrasjon i ein samkommune relativt store.

Utfordringa for mange av kommunane i Noreg er at ressursbruken knytt til styring og administrasjon relativt sett er store. Å skulle bære slike kostnader på to nivå – både i samkommunen og i deltakarkommunen – vil neppe bidra til effektivisering av kommunal tenesteyting og der igjennom betring av tenesteytinga.

Øystre Slidre kommune vil vise til at det både i høyringsuttalene til forslaget om samkommune i 2005 og i debatten om det forslaget som nå ligg føre, er peikt på faren for at ein samkommune vil framstå som eit **nytt forvaltningsnivå**.

Departementet peiker på **samhandlingsreforma** som noko av bakgrunnen for forslaget om å lovfeste samkommunemodellen. Kommunane i Valdres gjennomførte i 2009 ein utredning av

korleis kommunane gjennom å etablere felles tenester skulle tilpasse seg reforma. Her konkluderte vi med at samkommunemodellen var lite eigna, m.a. fordi kostnadane til styring og administrasjon ville bli store og fordi styringa av tenestene bør knytast nærare til kommunane på eit fagleg nivå.

Vi vil også peike på at modellen er lite utprøvd.

Øystre Slidre kommune viser elles til den uttala hovestyret i KS har gjeve til lovforslaget.

Med helsing


Gro Lundby
ordfører